



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 8/9

November/Desember 1981

35. årg.

Kva er det for lyse tonar

*Kva er det for lyse tonar
som syng over snøkvitt land
og bivrar i tusen bølger
lik dønning av hav mot strand?
Kva er det for søg i lufta
og skimring av stjerneeld?
— Å det er vår einslege gamle jord
som juleftansvesper held.*

*Kva er det som malmfullt klemtar
så fjell gjev klangen att
og møtest med andre tonar
kring landet den stille natt?
Det kvelver kring tårn og tindar
ein kuppel av heimsleg lyd
— Å det er dei vigde kyrkjeklokker
som folket til høgtid byd.*

*Kva er det for blad som vendest
i kjertelyset på bord?
Det glimtar av gull i kanten
og gøymer så dyre ord.
Kva er det for makt i orda —
det blenkjer tårer på kinn?
Det er Det Gamle Evangelium
som vermer eit islagt sinn.*

*«Det hender seg i dei dagar»,
slik lyder det enn ein gong.
Om syngjande engleherar
og barnet i stallen trong.
Om ordet som fann sin bustad
blant menneskeborna små.
Slik valde han som vart alles tenar
å vise sin storleik på.*

*Slik gjestar han enno jorda
og bed om å koma inn.
Å, steng ikkje alle dører
men møt han med barnleg sinn.
Kva er det som stille klemtar
Med lengtande heimsleg lyd?
Å det er dei vigde kyrkjeklokker
som folket til høgtid byd.*

Ingebjørg Kasin Sandsdalen





Me er i adventstid og går mot jol. Snart kjem den høgtid små og store ventar på og ser fram til med glede. Alle får det så ansamt med å førebu til jol at det er vanskeleg å verta stille for den bodskap som vert forkynt i advent og jol — Jesus, din Herre og konge kjem til deg. Utan Han som kom dengong det hende i Betlehem kjem til oss i dag, kan me koma til å stå med vårt glitter og stas utan å finna meining og innhald i jolehøgtida.

Adventsbodskapen er denne: Han kjem, den Herre Jesus kjem i dag til deg som han dengong kom til hyrdingane på marka. Difor heiter det i adventstid: «Bu deg til å møte din Gud.» Nå er



Julehelsing frå prestegarden på Dale

Me vil gjerne på denne måten få senda dykk alle ei lita julehelsing — eit ynskje om ei god og velsigna julehøgtid. Tenkjer ikkje minst på dei som ikkje har høve å vera med på dei ulike julegudstenester og arrangement.

Eit nytt år er snart til endes og mykje kan ein sjå attende på med glede. Tek ein til med dei nære ting kan folket i prestegarden gleda seg over ein nysolert prestegard. Dette merkast i desse dagar. Turid og borna er for det meste knytt til aktivitetar på staden og både ten-sing, sundagsskule, gutaklubb og speidar engasjerar så mykje at ein får lite tid å nå utover i kyrkje-lydane. Men det er mykje å gleda seg over. Dei hendingane som kan hende ruvar noko meir enn andre er bispevisitasen — og her på Dale 25 års jubileet for kyrkja. Fine dagar vart det med minner å ta med seg. Men dei store hendingane er ikkje alltid dei største. Det viktigaste er at me saman kan få nå ut med evangeliet om Jesus Kristus.

«Sjå, eg kjem snart, ja kom Herre Jesus»

det tid å lata Guds ord få rom, høyra lovnadsordet om Han som skal koma, bodskapen om Han som kom og står idag for døri og bankar på. Då skal den bøna verta født i våre hjarte som er uttrykt på Bibelens siste blad: «Sjå eg kjem snart, ja kom Herre Jesus.» Når det vert vår bøn syng me av hjarte når høgtida vert ringt inn:

«Akk om jeg opp vil lukke,
mitt hjerte og mitt sinn.
Og full av lengsel sukke,
kom Jesus dog her inn.
Det er ei fremmed bolig,
du har det selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig
her i mitt hjerte svøpt.»

Signa jol i heim og kyrkjelyd.

Augun Østtveit.

Sender dykk ei lita julehelsing frå Jesaiasboka: «Over dei som bur i skuggelandet skal ljost stråla.» Bodskapen er retta til dei som sit i skuggelandet. Det er ikkje dei som står framst i køen som Jesus her retter sine gaver imot. Nei, han byrjar alltid bakerst. Dette ser me den fyrste jula og. Bodskapen går framom Herodes og slottet, Jerusalem og alt folk her og like til Betlehemsmarkene kor hyrdingane sit. Folk som v. så lite å rekna med fekk tilbodet fyrst. Slik var det alltid sidan med Jesus også. Mange undra seg over dette. Ja, dei likte det ikkje. Men Jesus såg den naud som andre ikkje såg og det er nettopp det han gjer i dag og. Han kjem inn i skuggelandet med ljost. Ljost som skal kunna vera til hjelp mot det mørkaste mørke.

Så ynskjer me ljost over julehøgtida for dykk alle.

*Beste helsing frå
familien Steinnes.*

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrarar
Magne Steinnes
og Per Einar Sønnesyn
Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.
Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.
Bankgiro 3500 50.13117.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 15,00 for året.
Eksped. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese. — Tfn. 55045

Min julesalme

«Min julesalme» ber redaktøren meg fortelja om. So mange fine julesalmar — og songar som me har vil nok dei fleste av oss ha fleire som me set særleg høgt. I alle høve må eg velja ut ein av mange. Og den eg vel her no, er ikkje den beste etter form og innhald, heller. Strengt hymnologar vil kan henda ikkje rekna han for ein fullgod salme eingong, for alt det eg veit. Men so lenge eg kan hugsa har «No kimar det frå alle tårn», av Anders Hovden, nr. 97 i salmeboka, — tala sterkt til meg, og fått djupe kjenslestrenger til å klinga med.

Etter det eg har røynt, er dette ein ukjend julesalme for dei fleste. Difor spør eg meg om kvifor eg held so mykje av han. Noko av svaret er nok opplevingane kring mi barndoms jul. Barnomsheimen i Kvamshaugen ved Hafsløvatnet ligg høgt og fritt, med lunande bjørke- og fureskog i ryggen, og med fagert utsyn til den breie bygdi på hi sida. Og der ligg kyrkja nedmed vatnet, vel halvannan km. borte. Når det leid til jol, og fjøsstellet var unnagjort og juleneket oppsett, var det høgtidssamt og godt å stå ute i vinterkvelden, — oftast var det visst snøkvitt og kaldt, — og lyda etter kyrkjeklokkene. Dei bar so fint over vatnet eller isen, og tonebåra lyfte oss og bar oss inn i julehelg og høgtid.

«No kimar det frå alle tårn,
dei syng og leikar seg, Guds born.
Og ljose englar jublar med
um himlens æra, heimsens fred.

Og tonebåra veks, og når
til den som ligg der sjuk og sår,
og vekkjer barnetru og von.
Då vert han gjesta av Guds Son.»

Og når me so sat inne i lune stover, og far las juleevangeliet, — han las det slik at det visst vart mi første oppleving av god kunst, — og me gjekk rundt juletreet og song dei mange kjære julesalmane, kunne tankane fara til dei som ikkje fekk høgtida jul som me:

«Ho leikar vidt om verdi mildt
til guten som i synd fer vilt.
Han vaknar or sin tunge sveim.
Då tek han til å lengta heim.»

Og når vesleguten kjende det trygt og godt i heimen, med syskenflokk og mor og far, kunne han kjenna medkjensla båra i seg, og fylgja tonebåra vidare:

«Ho syng og tonar, linn og varm,
dit fangen sit med hat og harm.
Han minnast må si moder sæl.
Då vaknar barnet i hans sjel.

Då sukker han i gråt og gru:
«Å Herre Jesus, hjelp meg du!»
Då angrar han si synd og bed:
«Min Frelsar, gjev mitt hjarta fred!»

Kan henda sume tykkjer dette vert tåredrypande juleromantikk. Men slike ord — til tonen «Det kimer nu til julefest», hjalp vesleguten, og seinare mannen, til å oppleva julekveldshøgtidi meir ubunden av tanken på einast julegaver og mat. Og i siste versi får me finna plassen vår saman med hugsjuka og andre sjuke, villfarne og fangar av mange slag, når tonebåra når inntil hjarta vårt:

«Ho kallar oss frå fjerr og nær
til Jesus som ein syskinhær.
Ho samlar oss frå nord og sud,
ein barneskare kringom Gud.»

Og skulle nokon tykkja første versi vert for sentimentale, er i alle høve dei to siste ei livsnær og indarleg kristen bøn, langt frå søtladen juleromantikk, — ei bøn for kvar som har fått tak i meiningi i juleevangeliet, — eller rettare, — som julebodskapen har fått tak i:

«Å Jesus, læk du våre sår
og giv oss alle barnekår.
Ja, giv oss alle helsebot
og gled oss djupt i hjarterot.

Ja, du Guds Son, som vart vår bror,
Å, gled oss med ditt sæle ord,
og vekk oss etter striden lang
til himlens klåre klokkeklang!»
Signa jul til alle, frå meg og alle i heimen.
Per Einar Sønnesyn.

(Denne helsingi skreiv eg til eit anna blad for nokre år sidan. Og no ser eg at det nye salmebokutkastet ikkje har med denne salmen. Kan henda fleire enn eg vil tykkja det er eit tap.)



Jul på Madagaskar

Misjonær Annlaug Sandal har vore nord i landet i haust, og me leita henne opp over tlf. i Bodø, for å få ei julehelsing frå misjonsmarka:

Det er julaftansmorgon — så tidleg at enno glitrar solljoset i dogg-dropene på buskar og blad, enno er lufta sval. Julaftan — med ei råde så heilt ansleis enn vi er vante med i Norge. Men litt av det forventningsfulle strevet har vi her òg — . Best å vera tidleg på stortorget, om eg skal finna friske blomar til ei lita synleg helsing når eg sidan tek runden innover vener for å ynskja god jul. Men gamle Rasafy er tidlegare ute enn eg — . No står ho i stova mi og før ho overrekkjer kurven med ris og egg, foldar ho hendene og ber om Guds signing over julehelga.

Nokre timar seinare trillar eg ut av Antsirabe på veg mot Mangarano. Der skal eg få feira jul saman med dei norske sjukepleiarane og alle i spedalske kolonien. Frå dei kvite lerretssekkene i bilsetet bak meg, angar det herleg nysteikt bartard, som nett er henta frå kinesarbutikken. Brøda skal leggjast i julegavekurvane til pasientane.

Mørke skybankar er byrja samla på himmelen — difor hastar eg på medan eg nynner på julesongen: «Fager er jordi — .» Ja, ho er fager — . Oppi høgda må eg stansa litt og lata augo kvila på landskapet rundt meg: Høge, blånande fjell i bakgrunnen, nede i dalen ligg rismarkene som eit lappeteppje i alle nyansar av grønt og i bakkehellet dei små landsbyane med sine strå-

tekte tak. Okseflokkane går og beiter og lyden av jetargutane sine stemmer når opp til meg.

Då er det som eg på nytt høyrer far si stemme lese juleevangeliet der heime i stova: «Det var nokre gjætarar der i bygda, som låg ute og vakt buskape sin om natta — — — ». Ei djup og stille gleda fyller meg — : Denne bodskape gjeven frå Gud, forkynt av englar, skal i denne kveld få lyda på nytt for dei mange som samlast til julefest — nokre for fyrste gong. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by; han er Kristus Herren — —.» Noko større gledesbod er oss ikkje gjeven. Det er ikkje frelse i noko annan, for det fins ikkje noko anna namn under himmelen gjeve mellom menneske, som vi kan verta frelste ved.» Ap. gj. 4.12.

Tunge regndropar byrjar falla då eg trillar vidare, men i hjarta mitt tonar det: «Aldri skal tagna tonen frå himlen, sjela sitt glade pilgrimskvad.»



Tore ordner opp



(Kanskje dette stykket frå Vårt Land kan gje nokon ein julegåveide?)

— Mine foreldre bråker ofte, de, sa Tone. — De roper og skriker aldeles fryktelig og så blir de venner igjen. — Mine er ikke sånn som dine, sukkeTore. — De har vårt uvenner veldig lenge. Og de klarer ikke å bli venner igjen. Jeg er så redd for at de skal bli skilt før de rekker å bli venner. — Huff, det hadde vårt fryktelig fælt, sa Tone. Tore bare nikked. Så spurte han: — Hvordan får dine foreldre til å bli venner igjen? Tone tenkte seg om: — Først så tar de hverandre i en hånd, og så tar de hverandre i begge hender, og så ler de, og så klemmer de på hverandre, og så er de venner. — Hjelper det at de tar hverandre i hånda? sa Tore forundret. — Ja det er alltid sånn de begynner å bli venner igjen, forsikret Tone. — Sånt nytter nok ikke med mine, sukkeTore. Men i det samme det var sagt, fikk han en idé. — Jeg har det. Jeg har det, ropte han. — De skal bli venner igjen. Men han ble

hemmelighetsfull da Tone ville vite hvordan. Han måtte forsøke om det virket først. — Du skal få vite det etterpå, sa han og sprang hjem det beste han hadde lært. Tore fant to skjerf ute på gangen. Først var han inne i stua hos far. — jeg har en

6. budet:

Du skal ikke bryte ekteskapet

overraskelse til deg, sa Tore. — Jeg orker ikke leke nå, sa far og raslet med avisen. Men Tore visste hvordan han skulle mase på far. Til slutt sto far midt på gulvet med bind for øynene og ventet på overraskelsen. Tore smatt ut på kjøkkenet til mor. — Jeg har en overraskelse til deg, sa

Tore. — Jeg har det travelt, sa mor. Hun ryddet på kjøkkenet. Men Tore kunne be henne riktig pent, og han fikk føre henne inn i stua med bind for øynene. Tore tok mors hånd og la i fars hånd. Det var det. — Nå kan dere ta av bindene, sa han. Men far sto ganske stille. Og mor sto ganske stille. De holdt hverandre i hånda, men tok ikke av noe bind. Tore måtte opp på en stol og knyte opp skjerf både hos mor og far. Mor og far så på hverandre. Tore trodde det smilte litt rundt munnen til mor. Så holdt de hverandre i begge hender. Nå smilte de begge to, først litt, så litt til, og nå smilte de masse. — Jeg setter over kaffen, jeg, sa mor. Far nikked. De slapp hverandre. Mor smilte mens hun satte over kaffen. Tore fikk et stykke av kaken hun skar opp. Han behøvde ikke vente til kaka kom på bordet. Far hentet de fineste kaffekoppene og dekket på. Han strøk Tore over håret sånn i forbifarten.

KORNYTT

om barnekoret, mannskoret og kyrkjekoret

Dei tre kora som er knytt til organiststillinga på Dale er og har vore svært så aktive dei siste åra. Ein har klart å få kvart kor med i gudstener tre gonger kvar i semesteret og dette er framifrå også i landsmålestokk. Mange by-kyrkjelydar og elles større kyrkjelydar enn Dale kyrkjelyd kan ikkje visa til noko liknande, så her har det vore ei gledeleg utvikling som vil styrkja songen i kyrkja på langt sikt. I haust har vi feira 25 års jubileum for Dale kyrkje og alle kora har vore aktivt med, men nye oppgaver ligg framføre og ein tenkjer då på familiegudstenesta i Dale kyrkje 15. nov. Då blir barnekoret med. Deira neste oppgåve vert lysmesse, då koret skal framføre ein god del av «Den store Kongen» med julemelodiar og knytt saman med forteljingar frå Bibelen. Elles vert barnekoret med på julaf-tan med song under gudstenesta då. Kyrkjekoret har allerede vore med på 2 gudstener og

ein konsert i haust og neste opptreden vert 1. s. i advent ved høgmessa då. Så fylgjer julekonsert på Dale og i Eksingedalen før dei kan ta pause til over nyåret.

Mannskoret har vore med 2 gonger i haust, i Aksjonsveka og 25 års høgtidsgudstenesta for Dale kyrkje. Elles vil dei vera med på julekonsert på Dale og 1. juledag ved høgtidsgudstenesta i Dale kyrkje.

Det syner seg at i kyrkjelyden å Dale har vi store og gode songressursar og vi som steller med dette må berre få takka for at med kora sin innsats blir gudstenestene til inspirasjon for kyrkjelyden og kveiking for kyrkjesongen.

Som om dette ikkje var nok så har vi Dale Ten-sing som er aktive i å skape eit ungdomsmiljø ved kyrkja på Dale og som med sin sor opptretter så ofte dei kan. Så med desse 4 kora har vi 150 songarar i Dale kyrkjelyd. L. R.

DRONNING MAUDS MINNE

KIRKELIG SENTER MED DOBBELT SIKTE

Dronning Mauds Minne vil i kristenfolkets bevissthet i første rekke være forbundet med kirkens utdanningsinstitusjon for førskolelærere. Og vi har grunn til å være glade og stolte over å eie en pedagogisk høyskole tuftet på kristen grunn. Vi burde kanskje i enda høyere grad være oss bevisst det ansvar og den mulighet det gir å sende ut ca. 120 førskolelærere hvert år.

Ansvarer består bl.a. også i økonomisk forpliktelse. Staten bærer selvfølgelig brorparten av driftsutgiftene ved høyskolen, men av totalbudsjettet må skolen selv skaffe ca. kr. 500.000. Det er den primære utfordring og det påtærende ansvar til menigheter og enkeltpersoner når det tas stilling til ofringer og gaver!

Men Dronning Mauds Minne er mer enn en pedagogisk høyskole for førskolelærere. En står like foran starten på å bygge ut et kirkelig utdanningscenter med sikte på å rekruttere til stillinger og oppgaver i kirke og organisasjon. Det vil bli reist et stort kurs- og konferansebygg, Olavsgården. Her skal det gis muligheter for å delta i opplegg lagt til rette fra Stiftelsens

side og for å få leid stedet til egne større og mindre arrangementer.

Utfordring:

La drømmen om et kirkelig utdanningscenter nordenfjells eller rettere: midt i Norge, kunne realiseres!

Fremtiden vil vise at kristenfolket i 80-årene satsset rett når de satsset på styrking og utbygging av kirkens eget store utdanningscenter Dronning Mauds Minne.

Ivar Ramvi

Prost

Nestformann i styret.

Dronning Mauds Minne


Høgskole for førskolelærerutdanning

— er en selvstendig pedagogisk høyskole innenfor Den norske kirke, med ca. 420 studenter. For å dekke egenkapitalen trenger vi økonomisk støtte!

Innsamlingsaksjonen
Dronning Mauds Minne

Th. Ovesensgt. 18, 7000 Trondheim
Bankgiro 4200.07.76097. Postgiro 2 22 87 16.

BARNEVERNINSTITUTTET DRONNING MAUDS MINNE



Barneverninstituttet Dronning Mauds Minne ble opprettet i 1946 av Menighetspleienes Landsforbund.

I 1954 fikk skolen ved gavebrev overdradd Dronning Mauds Minnefond etter H.M. Kong Haakon VII's bemyndigelse. Kongen ga overfor daverende styreformann biskop Arne Fjellbu

ønske om at Dronnings Mauds Minnefond ble brukt slik fordi det var samlet inn av norske borgere ved dronningens død, og fordi det skulle kunne komme alle barn i landet til gode.

Den 6. desember 1956 ble Dronning Mauds Minne, Menighetspleienes Barneverninstitutt innviet under nærvær av H.M. Kong Olav V, dengang Kronprins Olav og Prinsesse Astrid. Institusjonen ble da selveiende og fikk navnet Barneverninstituttet Dronning Mauds Minne.

Fra høsten 1980 har skolen ca. 420 studenter, og 40 stillinger. I tillegg kommer timelærere og praksisveiledere. Som høyskole har den som formål på kristent grunnlag å gi førskolelærerutdanning og videreutdanning for førskolelærere.

Som en selvstendig pedagogisk høyskole innenfor Den norske kirke drives den som privat skole, og må derfor fremskaffe ca. kr. 500.000 pr. år til skolens driftsbudsjett. En vesentlig del av disse midler kommer som gaver fra menigheter og private personer.

Det står eit lys

*Det står eit lys over Betlehem.
Det bivrar og tindrar i kveld.
Og høyr kor det tonar frå Betlehem,
og fred over jordi no fell.*

*Det står ein stall uti Betlehem,
så tett under lyset du ser.
Og sjå kor dei strøymer mot Betlehem,
dei leitar og lover og ber.*

*Det står ei krubbe i Betlehem.
Ho dreg oss så stille til seg.
For lyset som står over Betlehem
det tindrar i mørket for deg!*

Ingebrigt Davik




Jubileumsfesten for Dale kyrkje



Det var både alvor, glæda og moro på festen. Her er nokre av dei som song «Vi rulla, vi rulla». Frå v.: Magne Steinnes, Ingeborg og Steinar Sælen, Margrethe og Augunn Østtveit og Olav og Erna Totland.




Desse var med i byggenemnda: Frå v.: Olav Langhelle, Bjarne Taule, Olav Totland, Nils Faugstad, Steinar Sælen.



Barnekoret gledde oss med fin song.



Glimt av den store festlyden av unge og eldre.



Julesider i Kyrkjebladet laget av kl. 5 Dale skule.

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, tlf. 396321	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag ..	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, tlf. 397215	Frå	Til
Tysdag, onsdag og fredag	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, tlf. 398015	Frå	Til
Måndag	09.30	14.30

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

Stamnes Handelslag

STAMNESHELLA

Dale Handelsforening

Dalekvam

TOMAS UTSKOTT

SKOFORRETNING

Dalekvam

VAKSDAL KOOP.

HANDELSLAG

5270 Vaksdal

RADIOSPECIALEN ¼

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ¼

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

Arthur og Arne Vaksdal

KVIKKBAR

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Dale Fabrikkutsal

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverer
Strikke- jakker og gensere

DALE KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale skulekorps. Barnekoret. Offer til søndagsskolen.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Stanghelle skulekorps. Dale ten-sing kor. Offer til søndagsskolen.

VAKSADL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Speidarane. Søndagsskolen. Offer til søndagsskolen.

1. juledag, 25. des.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale mannskor. Hornblåser. Offer til Menighetsfakultetet. Julekor-

ERINGSØYEN SOKNERÅD

1. Gunnvor Tyssen
2. Nils Nesheim
3. Reidar Fjellanger
4. Anna Vetlejord

Varamenn:


1. Åge Lavik
2. Kari Nese
3. Kari Brekkhus
4. Yngvar Lavik
5. Anne Margrete Trefall

BERGSDALEN SOKNERÅD

1. Ragnhild Haugen Kleven
2. Per Hatlestad
3. Gerd Elisabeth Brekke
4. Per Småbrekke

Varamenn:

1. Kristina Fosse
2. Klara Lid
3. Anna Pettersen
4. Asbjørn Berge
5. Nils J. Lid



BADNARIM

Å no, å no, kjem julæ, julæ snart,
og då, og då, får bodnæ noke rart.
Og subme dei får både dokke og skrin,
men andre dei sit borti krånæ og grin.

Dette vesle badnarimet seier oss ei sanning. Skal me hugsa alle dei som har de vondt denne jula også. Det er sælare å gi enn å få.

VAKSDAL SOKNERÅD

1. Inger Farestveit
2. Gudrun Boge Karlsen
3. Olaug Boge
4. Nils A. Helle
5. Olav Steinsbø
6. Albert Tolås

Varamenn:

1. Birger Tolås
2. Leif Eilifsen
3. Bjørg Ulevik
4. Karstein Audestad
5. Elsa Fjæren

NESHEIM SOKNERÅD

1. Mari Grønset Lundestad
2. Johan J. Gullbrå
3. Johanne Nesheim
4. Asbjørn Nese

Varamenn:

1. Gunnar Jarle Nesheim
2. Knut Fjellanger
3. Inngunn Lønning Gullbrå
4. Anny Ekse
5. Anny Gullbrå

STAMNES SOKNERÅD

1. Ingebrigt Gammersvik
2. Olga Farestveit
3. Asbjørn Ekse
4. Marit Gullbrå
5. Johannes Kaland
6. Harald Neset

Varamenn:

1. Karsten Kulshamar
2. Ola Kvamme
3. Liv Seime Stamnes
4. Orlaug Kallestad
5. Nils Myster



Bokstavrebus

ITKDGDKRHMFM SHK ÅKKD ANQM:

Rebusnøkkel: Set inn bokstaven etter.

Julekryssord

1. Keisar
2. Konge i Jødeland
3. Davidsbyen ligg i
4. Lyste over Betlehem
5., røykelse og myrra.
6. Maria reid på til Betlehem.
Rette svar gjev deg julehelsing loddrett.




DALE SUNDAGSSKULE

Julefest

3. juledag 27. des. kl. 17.00
i Forsamlingshuset

Song og opptrinn av born.
Gang rundt juletreet.

Bruke til borna Kaffe til dei vaksne.



RADIOSPECIALEN 1/5

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN 1/5

Familieweek-end

Også dette året vert det familieweek-end på Kvamsæter for kyrkjelydane i Vaksdal. Det vert i dagane 26.—28. februar. For mange har dette vorte ein tradisjon som ein ikkje vil gå glipp av. Ikkje minst er det fint at familiar frå dei ulike stadene i prestegjeldet kan koma saman og verta kjend med kvarandre. For dei som ikkje veit det kan me nemna at staden er den gamle Sandvenseter Hotel som Misjonsselskapet har teke over. Det ligg i fint skiterreng og er på alle måtar barnevenleg. For nærare opplysningar kontakt Ottar Dalseid, telf. 39 61 09.

Gudstenestene i Vaksdal

Sundag 20. des. 4. s. i adv.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00. Julekonser/gudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Eidsfjord musikklag. Barnelaget «Liljekonvallen». Svein Vaksdal. Trekkspelklubben.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 11.00. Julekonser/gudsteneste ved sokneprest Steinnes. Eksingedalen bl. kor. Dale kyrkjekor. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Julaftan, 24. des.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste ved res.kap. Sønnesyn. Eksingedalen bl. kor. Skuleborn.

STAMNES KYRKJE kl. 14.00. Familiegudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Skulekorpset. Sundagsskulen. Offer til sundagsskulen.

DALE KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale skulekorp. Barnekoret. Offer til sundagsskulen.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Stanghelle skulekorp. Dale ten-sing kor. Offer til sundagsskulen.

VAKSADL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Speidarane. Sundagsskulen. Offer til sundagsskulen.

1. juledag, 25. des.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale mannskor. Hornblåser. Offer til Menighetsfakultetet. Julekoral frå kyrkjetårnet før gudstenesta.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Vaksdal kyrkjekor. Offer til NMS.

2. juledag, 26. des.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Stamnes damekor. Offer til Menighetsfakultetet.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.30. Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Eksingedalen bl. kor. Offer til Santalmisjonen.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Høgtidsmusikk. Offer til Menighetsfakultetet.

Sundag 27. des., s. e. jul.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn. Offer til NMS.

Nyttårsaftan, 31. des.

DALE KYRKJE kl. 23.15. Midnattsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Song.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsgudsteneste ved res. kap. Sønnesyn.

1. Nyårsdag, 1. jan.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Kr. Openberrings søndag, 3. jan.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

1. søndag e. Kr. Openb., 10. jan.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 17.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd.

2. søndag e. Kr. Openb., 17. jan.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

STAMNES KYRKJE kl. 17.00. Sokneprest Steinnes.

3. søndag e. Kr. Openb., 24. jan.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn.

Vingardssøndag, 31. jan.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Bornas Misjonsdag ved sokneprest Steinnes.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn.

Såmannssøndag, 7. febr.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Bornas Misjonsdag ved res. kap. Sønnesyn.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Bornas Misjonsdag ved sokneprest Steinnes.

Kristi Forklåringsdag, 14. febr.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Lekmannsgudsteneste ved Odd Alvheim.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 11.00. Bornas Misjonsdag ved res. kap. Sønnesyn.

Fastelavns-sundag, 21. febr.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

STAMNES KYRKJE kl. 17.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 17.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes.

GUDSTENER I VAKSDAL - VÅREN 1982.

md	dag	namn	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSLAN, FLATEKV.	NESEHEIM, BERGSDAL		
JAN	1	Nyår			Sø.n				St.n
"	3	Kr.Åp	St.n						
"	10	1.s.e		Sø.kn		Sø.kn			
"	17	2."	Sø.		St.k		St.n		
"	24	3."		St.					
"	31	Ving.	St.FAM				Sø.n		Sø.
FEB	7	Såma		Sø.FAM	St.FAM				*
"	14	Kr.Fo	LEK			St.	Sø.FAM		
"	21	Fast.	STH.FAM k	Sø.n	Sø.kn				St.n
"	28	1.s.e	Sø.kn						*
MAR	7	2."		St.k	St.n			LEK	
"	14	Marl	Sø.n			Sø.kn			
"	21	4."		St.n	St.k		Sø.n		
"	28	5."	St.FAM	Sø.FAM		St.FAMk			
APR	4	Palm			Sø.FAM			St.FAM	Sø.FAMk
"	8	Skjær	Sø.n		Sø.kn				St.n
"	9	Lang	STH:k	St.n			Sø.n		*
"	11	1.På	St.	Sø				Gudst.?	Gudst.?
"	12	2."			St.	Sø.			
"	18	1.e.p	St.kn	St.n					
"	25	2."			LEK		St.n		Sø.n
MAI	1	Høgt.	St.	Sø.					
"	2	3.e.	St.KONF	Sø.KONF					
"	9	4.e			Sø.KONF	St.KONF			
"	16	5."						Sø.n	St.n
"	17	Høgt	St.FAM	Sø.FAM	St.FAM	Sø.FAM			
"	20	Kr.H	Sø.n						
"	23	6.e.		Sø.kn			St.KONF		Sø.KONF
"	30	1.Pi	St.		Sø.				
"	31	2."		Sø.				St.	*
JUN	6	1.e			St/Sø				*
"	13	2."	Sø.n	St.n		St.kn			*

St. =soknepr. Steinneø
 Sø. =res.kap.Sønnesyn
 n =nattverd
 k. =kveldsgudsteneste
 KONF =konfirmasjon
 FAM =familiegudst.
 * =endra preiketekst
 STH. =Stanghelle bedeh.
 LEK =lekmanngudsteneste

Det høver best med dåp når det ikkje er nattverd. Det kan verta endringar i preiketekst. Sjå lokalblada.

Familiegudstenestene 31.1-21.2 vert gudstenester med misjonsinnslag.
 Familiegudstenestene 28.3-4.4. vert det samla inn fastebøsser.
 6.juni vert det friluftsgudsteneste m.m i Hesjedalen for alle kyrkjelydane.